

## Ny badeplattform og finare ballbinge

25.07.2009



Den nye badeplattforma er populær og innbyr til eit yrande liv når sommarveret er litt betre. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Korsnes er ein god plass å bu. Velforreininga har gjort sitt for dette. Også denne forreinga har sine eldsjeler som drar i gang og gjennomfører prosjekt til beste for fellesskapet. Siste året har det vore stor aktivitet, og dei som først og fremst skal ha æra for det, er Oddmund Soldal og Tor Edward Taranger.**



Tre ungdommar har gjort ein flott jobb med rydjingsarbeid og beising. (Foto: Thor Inge Døssland)

Det vert ofte sagt at når dei unge har det bra, har og dei vaksne det godt. Derfor er og prosjekta til velforreininga i Korsnes retta mot barn og ungdom. Det har ofte blitt hevda at ballbingen i feltet er det beste rekrutteringsanlegget for fotball i bygda. Den har vore svært mykje brukt, og dermed har slitasjen vore stor.

Reperasjon og oppgradering trongst, - mellom anna vert måla kledd inn. Snikkararbeidet er gjort på av dei to eldsjelene saman med den alltid velvillige snikkaren i feltet, Jan Øvstebø. I tillegg vert no ballbingen beisa i tjørebrun farge. Rundt bingen er det gjort eit omfattande rydjingsarbeid av buskar og kratt. Samla gjer det at heile anlegget vil framstå mykje finare, noko som pregar innfallsporten til feltet. Til beisinga og rydjingsarbeidet har dei engasjert dei tre tenåringane Ørjan Linga, Vegard Døssland og Benjamin Taranger.

Det er og gjennomført eit anna prosjekt som vert sett stor pris på denne sommaren. Ny og større badeplattform er på plass i den flotte badestranda i Gullvikjo. Alt arbeid med denne er gjort av Oddmund og Tor Edward. Vi andre er svært takksame for den store innsatsen dei legg ned, og vi bør nok ha det i tankane neste gang dei kallar inn til dugnad.

Av Thor Inge Døssland